

Opplev Fedje!

«Landsbyen i havet»

*I sommer må
du få med deg*

FISKEFESTIVALEN

PÅ FEDJE

6.og 9.juli

FRODE ALNES KONSERT

15.juli

REVV MED FLAUSEKARANE

Fabr.no.8 28.juli

OPERAPERLER I HAVGAPET

Fabr.no.8 17.august

KYSTSOGVEKEKENE

16.og 17.september

**Det ope fyr på Hellisøy
sjå nettsider**

Meir finn du på www.fedje.kommune.no/reiseliv

Spørsmål? Kontakt Fedje kommune: tlf. 56 16 51 00 (mån -fre 9-15) / postmottak@fedje.kommune.no.



Foto: Marie Ch. Th. Lund (2014)

Unik sommarkonsert med heile Noregs

VAMP



**SVANØY HOVEDGÅRD
SØNDAG 23. JULI KL. 17.00**

Dørene åpner 30 minutter før konserten. Billetter: ticketco.no
Arr.: Stiftelsen Svanøy Hus i samarbeid med Marø Havbruk AS
og Svanøy Viseklubb. For meir informasjon,
kontakt Johan Trygve Solheim på 959 42 774

KURS, SEMINAR OG HJORTEJAKT

- sjekk våre nettsider
www.hjortesenteret.no

**Velkommen til vår nettbutikk,
der du kan handle kvalitetsprodukter.
Du finner blant annet:**

HJORTEKJØTT

- For sporhundfolk
- Hele slakt
- Foredlede produkter
- Parter
- Skinn
- Stykningsdeler av hjort

- Røykegenerator
- Vakuumposer
- Vakuumpakkere
- Sous Vide
- Vekt og vinsj

UTSTYR OG REDSKAP

- Kjøttkvern
- Pølsestapper
- Kniver og annet slaktetilbehør

BØKER

Bøker om alt du bør vite om hjort, hjorteforvaltning, slaktning, partering og mye annet.



**NORSK
HJORTESENTER**

Tlf. 57 75 21 80
hjort@hjortesenteret.no
www.hjortesenteret.no

Austrheim - øyriket i vest

Her kan du oppleve flotte turer, rekreasjon, havsport og badeliv



Foto: Helge Dykholtn

Foto: Helge Dykholtn

Foto: Sissel E. B. Monslaup

Foto: ????

Austrheim er ein kommune i vekst, og her er gode høve til å busette seg og finne gode og attraktive jobbar. Kanskje du berre rett og slett vil ha deg ein tur hit. Velkommen! Turistkontor finn du på servicekontoret i kommunehuset, Sætremarka 2. Tlf. 56 16 20 00 eller epost post@austrheim.kommune.no. Sjekk og www.austrheim.kommune.no for turistinformasjon og oversikt over kva som skjer i kommunen i sommar.

Rongevær kurs- og fritidssenter ligg idyllisk til i Rongeværområdet. Booking: epost: trulsapedersen@outlook.com eller 976 82 965.



Bubilturist?

Vi opplever Austrheim som ein populær stad for bubilturistar. I Mastrevik finn du nokre oppstillingsplassar og betalingsordning. Både i Njøta og ved Kilstraumen Brygge finn du og oppstillingsplassar for bubilar. Vi kan tilby ein topp moderne tømmestasjon for bubilar. Denne finn du ved brannstasjonen i Austrheim kommunesentrum.

Båtturist?

I båthamna i Mastrevik finn du gjesteplassar for deg som kjem sjøvegen. Straum og vatn er tilgjengeleg. Betalingsordning. Mastrevik ligg sentralt og fint til med 10 min. gåavstand til Austrheim kommunesentrum der du finn mellom anna Mastrevik torg, kommunehus, bensinstasjon, apotek, lege og bibliotek. Kilstraumen brygge har gode gjestehavn. Der finn du og bunkring.

Aktivitetar du kan få med deg i sommar:

Sommarope bibliotek

Ferietid er lesetid. Korn og lån bøker på biblioteket! Hovudbiblioteket har sommarope frå 3. juli til 4. august:

Måndag kl. 14.00 - 19.00

Tysdag kl. 10.00 - 15.00

Fredag kl. 10.00 - 15.00

Sommarles 12. juni - 1. september

Bli med på sommarles for barn og ungdom! Lån og les minst fem bøker, og bli med i trekninga av premiar. LesePASS får du på biblioteket.

Sommarbibliotek i Årvika og på Mastrevik kai

11. juni - 11. september

Her kan du låne bøker i heile sommar.



Last ned appen og lån e-bøker på nettbrettet og mobilen. Ta kontakt med biblioteket for lånenummer og pinkode.

Kunsthuset Austrheim

Velkommen til Kunsthuset Austrheim. Ope kvar laurdag 11.30-14.30. Gratis adgang. Alle som kjem og skriv i gjesteboka er med i gratislotteriet vårt. Kunst, handverk og design: Maleri, vevkunst, akvarell, vesker, glasskunst og barneklær m.m. Kontakt: Arne Kästel, mob. 907 53 208. Sjekk og Kunsthuset Austrheim på Facebook.



Telttur i Årvikane

7. juli

Austrheim og Radøy ungdomsklubb arrangerer telttur for ungdommen til Årvika. Det vert vassaktivitetar, sosialt fellesskap og mykje moro. Ungdomsklubbane har telt og ungdommane vert fordelt i jente- og gutetelt. Ta med: Badetøy, handklede, sovepose, drikke og varme klede. Avgrensa tal på plassar. Det er gratis å delta, og alle får grillmat til kvelds og frukost. Meir info på kommunen si Facebookside.

Ein smak av Austrheim

23. juni til 2. juli

Ein sentrumsfestival med aktivitet i Mastrevik Torg og festival-teltet. Frukost, marknad og revy med Flausekarane 28. juni, bustadmesse 24. juni, seniordag 26. juni med mellom annan Vidar Lønn-Arnesen og Philip Kruse. For fullstendig program, www.einsmakav.no

Havglede i Mastrevikane

4.-6. august

Austrheim ungdomsklubb og Nordhordland dykkarklubb arrangerer Havglede i Mastrevikane med utgangspunkt i Havsporsenteret. Prøv deg i kajakk, dykking, tube, windsurfing og andre aktivitetar. Dette vert kjekt for folk i alle aldrar. Meir informasjon på www.austrheim.kommune.no

Fonnesdagane

Fredag 11. august kl 17.00-23.00 Fonnes kai

Dajen for Dajen:

Konsert med Robert Myklebusthaug og Hanne Sørvåg m/band. Førhandssal på TicketCo, Sport 1 og Mastrevik Bok & Papir

Laurdag 12. august kl 12.00-16.00

Fonnesdajen: «Dajen dar folk møtes»

Opning ved Tiriltunga barnekor Kulturskolen, Navy Vocalis, trekkspilklubben. Av anna innhald kan vi ta med: Salsboder, Oster og Hitra, veteranbussen, brannbilen, taubåten, tempoklubben, nyrestaurerte kutterar, fiskedam, levande lam, spikkeverkstad, strikking og spleising. Og mat kan du få kjøpe: Krabbe, fiskesuppe, rømmegraut, spekemat, smaksprøver av grilla kval og hjort.

Sundag 13. august kl 14.00-17.00

Dajen derpå:

Kl 14.00-17.00 Denne dagen vert i Årvika friluftsområde.

Grilling frå kl 14.00. Friluftsgudsteneste kl 16.00.

For fullstendig informasjon om programmet:

www.fonnesbygdag.no eller sjå www.kystsogevakene.no

Tur i fiskarbonden sitt rike – Krossøy

Laurdag 19. august kl 14.00

Guida tur i vakkert øylandskap, freda naustmiljø, gardsmuseum, smie m.m. Turen passar for alle. www.kystsogevakene.no

Kilstraumen Brygge

Restauranten er open for eit godt måltid i historiske omgjevnader. Nytt kjøkken og nye fasilitetar. Rom i vertshuset, rorbuer, hytter og leiligheter for utleige. Kilstraumen har bunkring og bubilparkering. For booking og info om arrangement, sjekk Kilstraumen Brygge på facebook og www.kilstraumen.com, tlf.: 56 16 89 40 / 94 85 39 75, mail: post@opplevaustrheim.no

Tur til det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg?

Ut til Vardetangen kjem du deg ved å følgje stien, anten frå hurtigbåttoppet på Vardetangen eller gamle molokaien i Fonnesvågen. Etter besøket kan du kjøpe deg den nye Vardetangen t-skjorta eller Vardetangen-sertifikatet. Dette vert seld på Kjelstraumen vertshus og Austrheim kommune sitt servicekontor. www.vardetangen.no

Sykkel i Austrheim

Ein sykkelkultur i vakker kystnatur er ikkje å forakte. Ta deg ein stopp ved ei badevik, eller ta med fiskestonga og prøv fiskelukka frå eit svaberg eller ein kai. Kart får du på turistinformasjonen. Treng du leige sykkel, kontakt Kilstraumen Brygge AS. Meir informasjon www.kilstraumen.com

Turkart for Austrheim

Her finn du turloyper, padleloyper og andre spanande attraksjonar som er verd eit besøk. Kva med ein sykkelkultur ut i øyaneområdet? Kartet kan du få tak i på servicekontoret i kommunehuset og hos Kilstraumen Brygge. Kartet kan og lastast ned på kommunen sine heimesider. Treng du leige sykkel, kontakt Opplev Austrheim AS. Meir informasjon www.opplevaustrheim.no



Kos deg gjerne med «skrytefilmen» vår på Youtube


Austrheim
- opne landskap, oppe sinn

AUSTRHEIM KOMMUNE

5943 Austrheim - Tlf. 56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no www.austrheim.kommune.no

HOLMEKNAPPEN: I år blir det barnedåp under friluftsgudstene på Holmeknappen under kystsogedagane.



25. LINDÅS: KONSERT MED SIGVART DAGSLAND i Knarvik kyrkje kl. 20.

25. – 27. MELAND KYSTSOGE-DAGANE I MELAND

I Holmeknappen
FREDAG: Konsert med May Sissel m/ band i Galleri Rustica kl. 19.
LAURDAG: Marknad på Holmeknappen kl. 11 - 16. Sal/ utstilling av kunst/ handverksprodukt, utstilling av gamle kjøretøy og tradisjonsbåtar. Aktivitetar for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som fisk, sild, lefser med meir. Open kafé med middag og kaffimat. Offisiell opning av Kystsogedagane ved ordførar Øyvind Oddekalv kl. 12. D/S Oster og M/S Vestgar ligg ved kai, opne for omvising. Om lag kl. 13.30 håper vi på besøk av Hurtigruta. Kl. 16 -17.15: «Gjest Bårdsen i song, segn og sanning». Linda Røyset Sandhåland, song, Agnar Sagstad, fortelling og Leif Johnsen, opplesing. Holmestova og Sjøbua opne for omvising og Knappen Handleri ope med eit rikholdig vareutval. Maleriutstilling med Annfrid Leikvoll og fotoutstilling «Havet lever og lider» med lokale fotografar.
SØNDAG: Kl. 09: Frukost i kaféfeltet. Kl. 11: Friluftsgudstene på Holmeknappen kai med barnedåp. Kl. 12: Prisutdelingar. Kl. 12.15: «Strileshow» med Cato og Claus. Marknad, underhaldning av lokale artistar og aktivitetar heile dagen. Arr: Arbeidsgruppa for kystsogedagane i Meland.

26. – 29. RADØY: ØL-KURSET VÅGSTØLBRYGG ELLER SØL i Tingstova på Manger ved Keipane Kystlag. På kurset får du kjennskap til grunnleggjande teknikkar, råvarer og utstyr. Du får bryggja ditt eige øl, og får forståing for samanhengen mellom

råvarer, prosess og produkt. Laurdag frå kl. 11 - 17. Måndag 28. eller tysdag 29. august frå kl. 17 - 21. Påmelding til Keipane Kystlag ved Evy Dame til 974 23 267.

27. RADØY: FØREDRAG I EKNEVÅGEN

ved Åsmund Lien «Å berga eit handverk – Oselvaren» kl. 15 – 18. Åsmund Lien fortel om Oselvaren si historie frå vikingtida og fram til i dag og viser film. Åsmund Lien var dagleg leiar for Oselvarverkstaden frå 1997-2016. Arr. Eknesvågens Venner.

27. RADØY: FAMILIEDAG MED FISKEKONKURRANSE

på Slippen i Sæbøvågen kl. 11.30. Marknad, lokal mat, båttur, fiskekonkurranse.

27. RADØY: OPEN GARD

hja Morten Christensen og Benedikte Lerøy på Vågenes kl. 11 - 15. Dyr, familiedag, open gard, omvising. Arr. Radøy bondelag, Radøy bonde- og småbrukarlag og Radøy sau og geit.

30. RADØY: FLATBRØD- OG POTELEFSEKURS

på Slippen i Sæbøvågen kl. 17 - 21. Kurset går over to kveldar, andre gong 6. september kl. 17 - 21. Arr. Keipane Kystlag. Påmelding til Evy Dame tlf. 974 23 267 / evy.dame@hfk.no

SEPTEMBER:

1. RADØY: KONSERT MED GRIEG OG FOLKEMUSIKK med Radøy musikk- og kulturskule på Sæbo skule kl. 18 -19.30.

9. RADØY: RISNESMARKNADEN kl. 11 - 15. Salsboder med kortreiste varer.

Hestekokasting og luftgeværskyting. Levande musikk. Sal av mat, brus og kaffi. Alle samlast på kaien. Veteranbuss går i skytteltrafikk frå Villanger. Arr. Risnes Grendalag.

9. LINDÅS: RAMSALT KORKAFÉ med koret Alvidt/Manger på Knarvik ungdomsskule kl. 16 – 17.30. Koret inviterer til hyggeleg korkafé i Musikkrommet med songar og allsong som tek for seg livet ved kysten. Ragna og Signy kommenterer bølger i tida. Arne Høyland fortel frå nauset og spelar nokre av sine nye songar for oss. Kystquiz, lått og løyel!

10. RADØY: FAMILIEDAG

i Marås grendahus kl. 13 – 16. Natursti og aktivitetar for gamal og ung. Sal av betasuppe, hot dog og kaffimat. Arr. Marås 4H.

10. RADØY: FAMILIEDAG

på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta kl. 12 – 16. Livet på prærien. Aktivitetar, levande historie og norskamerikansk præriestemming. Ta på deg cowboykleda og bli med! Arr. Vestnorsk Utvandringssenter - venneforeninga.

15. FEDJE: HISTORISKE FØREDRAG med utstilling av klokkestrengar og gamle sofaputer i Fedje fleirbrukshall kl. 18 – 20. Arr. Fedje historielag.

16. FEDJE: SMALL SHIPS RACE

på Stenborg kl. 13 – 14. Regatta for sjølvbygde/dekorerte små seglbåtar! Reglar: Regattabåtene må ha utgangspunkt i skroget til den offisielle small ships-regattabåten, og framdrift må vera med seglkraft. Deltakarar i alle aldersgrupper er velkomne! For meir info eller tinging av båt, kontakt Bjørn Ådne Kvalvik på tlf 992 45 939.

16. – 17. FEDJE: HØSTSTORMSEILASEN

Nordhordland Seilforening arrangerer den tradisjonelle Høststormseilase på Herdla til Fedje og attende med sosialt treff og overnatting på Fedje. Starten laurdag kl. 11 er i området utanfor Gavlen på Herdla, deretter seglar båtene på faste merke til målgang like utanfor hamna på Fedje. Søndag er det ny regatta attende til Herdla. For publikum er det mogleg å følgja med på start og målgang frå land og det vert også live tracking av båtene tilgjengeleg via nettsida til regattaen.

16. FEDJE: DANS PÅ FAB. NR. 8

kl. 20 - 02. Band ikkje avklart enno. Det blir også premieutdeling for laurdagens seglas i Hauststormseglasen.

17. LINDÅS: GUIDA TUR I NYE TURLØYPER

Start ved Vassverket på Eknes - Eidåsen - Totlandsfjellet med retur Vassverket. Kl. 15 – 18. Konkurransar. Turen tek om lag tre timar. Arr. Eknesvågens Venner.

17. RADØY: OPE PÅ NORDANGER GARDSMUSEUM

kl. 12 – 14. Den gamle skulen på Nordanger var i bruk til 1912, og er no museum med samlingar av ulike gamle gjenstandar frå skular og bygdelivet.

17. RADØY: PREMIERE PÅ MIGRASONG

tonane dei bar med seg over havet – i Emigrantkyrkja på Sletta kl. 16. Eit musikk- og forteljarprogram framført av Reidun Horvei akkompagnert av to musikkar. Arr. Vestnorsk Utvandringssenter.

NORSK
COUNTRYTREFF
12.-16. JULI 2017
NORSKCOUNTRYTREFF.NO

BEN & NOEL HAGGARD – MED THE STRANGERS
GUNSLINGERS SAM OUTLAW VASSENGUTANE
STAUT THE CROWE BROTHERS TOO FAR GONE
GET RYTHM BO OUTLAW & LØITEN TWANG DEPOT
DAGLAND COUNTRY HEROES JACK STILLWATER



LYDKJELLEREN AS
 Lyd og Belysning til alle arrangementer

FIRDA

TicketCo
 Evente Made Easy